



Samarbeidsavtale mellom Gulen kommune og Alver kommune om beredskap barnevernsvakt i Gulen og Masfjorden.

Heimel for samarbeidet:

Administrativt vertskommunesamarbeid, jf. kommuneloven § 20-2.

Deltakarar i samarbeidet

Alver kommune (vertskommune) og Gulen kommune.

Masfjorden kommune har delegert til Gulen kommune å utføre dei oppgåver som er lagt til kommunen i barnevernsaker. Denne avtalen er difor inngått mellom Gulen kommune og Alver kommune.

Oppgåver

Alver barnevernteneste ivaretek lovpålagt beredskap for Barnevernstenesta i Gulen og Masfjorden i samsvar med avtaleteksten under.

- Alver barnevern ivaretek lovpålagt beredskap for Barnevernstenesta i Gulen og Masfjorden etter arbeidstid kvardagar og fram til neste dag, gjeldande i tidsrommet etter kl. 16.00 – 08.00, døgnvakt i helgar og heilagdagdar.
- Alver barnevern informerer følgjande samarbeidspartar om avtalen og kontaktinformasjon; Nordhordland politistasjon, Legevakta i Nordhordland, Barnevernsvakta i Bergen, Alarmtelefonen for barn og unge, Brannvern og Ambulerande team.
- Alver barnevern dokumenterer skriftleg etter utført oppdrag i Gulen og Masfjorden, i samsvar med avtalt praksis mellom tenesteleiar for barnevernet i Alver og leiar for barneverntenesta i Gulen og Masfjorden.

Mynde

- Gulen kommune delegerer mynde til tenesteleiar for barnevernet i Alver til å fatte akutte vedtak i tida Alver kommune har beredskap i dei to kommunane. Det ligg føre ein skriftleg delegasjon for dette før avtalen trer i kraft.
- Alver barnevern får tilgang til barneverntenesta i Gulen og Masfjorden sine saker (for å kunne fatte vedtak eller gå inn i ei sak om noko skjer i tida Alver har beredskap). Det vil berre vere tilsette som deltek i beredskapsordninga som får tilgang til saker i barneverntenesta i Gulen og Masfjorden.



Økonomiske rammer for avtalen

- Barneverntenesta i Gulen og Masfjorden betalar ein årskostnad på til saman kr. 150.000,-. I tillegg kjem kostnader for overtid.
- Ved telefonkontakt blir barneverntenesta i Gulen og Masfjorden fakturert for overtid for sakshandsamar i høve til reell tidsbruk.
- Ved utrykking blir barneverntenesta i Gulen og Masfjorden fakturert for overtid i høve til reell tidsbruk samt reiseutgifter for to personar.
- Årskostnaden blir justert årleg.
- Barneverntenesta i Gulen og Masfjorden blir fakturert for dei samla utgiftene pr. halvår.

Iverksetjing, avtaleendring og oppseiing

- Avtalen er gjeldande frå 1.3.2022
- Den einskilde kommune kan med eitt års varsel seie opp avtalen.

Dato:

Gulen kommune

Alver kommune

.....
(tittel)

.....
(tittel)